

Suldal kommune - Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Resultat
Formannskapet	11.03.03	017/03	6/1 for innstillinga

Sakshandsamar	Referanse	Arkivnummer
Anita Kristensen	2003000205	

MEIRVERDIAVGIFTA OG KOMMUNANE - HØYRING.

Forslag til vedtak:

Rådmannen ser på dette som ei positiv løysing for kommunane fordi

- Kommunane får i dag att deler av meirverdiavgift på 5 kategoriar tenester, medan dei i den nye ordninga vil få att heile meirverdiavgifta og det vil ikkje vera avgrensa til berre nokre typar tenester.
- Oppgjeret til kommunane vil koma mykje tidlegare enn i den kompensasjonsordninga me har i dag. Kompensasjonen kjem nå i mai for heile året før, medan det nå er føreslått oppgjer for 2 månader om gongen. Det vert også føreslått å fjerna den detaljerte oppgåva som skal liggja ved refusjonskravet i dag (tidkrevjande), og heller nytta ein attestasjon frå revisor på refusjonskravet.
- Ordninga gir større fridom i val av oppgåveløysing.

11.03.2003 FORMANNSKAPET

F-017/03 VEDTAK:

6 røysta for innstillinga, 1 imot.

4230 Sand, 18.03.03

Nils I. Korsvoll
rådmann

Trygve Halvorsen

Plan- og utviklingssjef

(Sendast arkiv.postmottak@finans.dep.no)

MEIRVERDIAVGIFTA OG KOMMUNANE - HØYRING.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	16.01.03	Det Kongelige Finansdepartement	HØRING - NOU 2003:3, MEIRVERDIAVGIFTEN OG KOMMUNANE- KONKURRANSEVRIDNINGAR MELLOM KOMMUNAR OG PRIVATE
3	U	18.03.03	Det Kongelige Finansdepartement	MEIRVERDIAVGIFTA OG KOMMUNANE - HØYRINGSUTTALE FRÅ SULDAL KOMMUNE

Samandrag:

Ved innføring av generell meirverdiavgiftsplikt i 2001 på tenester vart mange tenester som tidlegare ikkje var avgiftspliktige auka med 24% meirverdiavgift. Dette gjorde at for dei deler av kommunen som ikkje var avgiftspliktige vart tenestene mykje dyrare. Det vart meir lukrativt for kommunane å gjera desse tenestene sjølv framføre å kjøpa dei. Dette gjeld bl.a. advokat- og rekneskapstenester, arbeid på lausøyre og konsulenttenester som ikkje er omfatta av kompensasjonsordninga. Med momsreformen vart dermed problema med at avgiftssystemet ikkje er nøytralt mykje større.

Rådmannen ser på dette som ei positiv løysing for kommunane fordi

- Kommunane får i dag at deler av meirverdiavgift på 5 kategoriar tenester, medan dei i den nye ordninga vil få att heile meirverdiavgifta og det vil ikkje vera avgrensa til berre nokre typar tenester.
- Oppgjeret til kommunane vil koma mykje tidlegare enn i den kompensasjonsordninga me har i dag. Kompensasjonen kjem nå i mai for heile året før, medan det nå er føreslått oppgjer for 2 månader om gongen. Det vert også føreslått å fjerna den detaljerte oppgåva som skal liggja ved refusjonskravet i dag (tidkrevjande), og heller nytta ein attestasjon frå revisor på refusjonskravet.
- Ordninga gir større fridom i val av oppgaveløysing.

Saksfakta:

Bakgrunn for saka:

I januar 2002 vart det nedsett eit utval som skulle vurdera kompensasjonsordninga for betalt meirverdiavgift i kommunane. Bakgrunnen var å vurdera konkurransevriddingar på grunn av meirverdiavgiftssystemet. Det norske meirverdiavgiftssystemet påverkar i stor grad kommunane sitt val mellom å løysa oppgåvene med egne tilsette og å løysa dei ved å leiga hjelp. Store deler av kommunen er ikkje avgiftspliktig, p.g.a. at ein ikkje oppfyller kravet til omsetning. Omsetning inneber i avgiftsmessig forstand levering av varer eller tenester mot vederlag. Ikkje avgiftspliktig verksemd har ikkje frådrag for inngående avgift. Meirverdiavgift vert difor belasta fullt ut. Ved eigenproduksjon av tenester vert det ikkje

avgift. Kjøper ein derimot desse tenestene vil ein få 24% mva i tillegg på desse. På grunn av dette vil meirverdiavgift bli eit viktig moment ved kommunane sitt val mellom eigenproduksjon og innkjøp av tenestene.

For å nøytralisera noko av ovanfor nemnde vert det i 1995 innført ei kompensasjonsordning for kommunane. Ordninga er gitt i eigen lov av 17. februar 1995. Kommunane kan krevje delvis kompensasjon for betalt meirverdiavgift ved kjøp av tenester.

Ordninga er avgrensa til desse områda:

- Vask og rens av tekstilar.
- Arbeid på bygg, anlegg og annan fast eigedom der det også leveres varer.
- Arbeid på bygg, anlegg og annan fast eigedom der det berre leveres tenester.
- Konsulenttenester nemnt i den gamle mval. Pgf 13, 2 ledd nr. og nr. 12 i.f. reinhald.

Det er eigen sats for kva som vert kompensert i kvar kategori. Satsane er frå 35% til 85% av betalt mva. Variasjonane skuldast at det er varierende innslag av varer i den enkelte kategori. Då momsreformen kom sommaren 2001, vart det innført ei generell avgiftsplikt. Ved innføring av generell meirverdiavgiftsplikt i 2001 på tenester vart mange tenester som tidlegare ikkje var avgiftspliktige auka med 24% meirverdiavgift. Dette gjorde at for dei deler av kommunen som ikkje var avgiftspliktige vart tenestene mykje dyrare. Det vart meir lukrativt for kommunane å gjera desse tenestene sjølv framføre å kjøpa dei. Dette gjeld bl.a. advokat- og rekneskapstenester, arbeid på lausøyre og konsulenttenester som ikkje er omfatta av kompensasjonsordninga. Med momsreformen vart dermed problema med at avgiftssystemet ikkje er nøytralt mykje større.

I dagens ordning er det ein forutsetning at den avgrensa kompensasjonsordninga ikkje skal virka inn på statens inntekter. Kompensasjonsordninga er derfor finansiert av kommunane sjølv gjennom trekk i det kommunale rammetilskotet

Saksfakta:

Dei moglege løysingane vert vurdert etter desse kriteria:

- Motvirka konkurransvridingar i favør av eigenproduksjon
- Motvirka nye konkurransevridingar i konkurranse mellom kommunalt og privat
- Nøytral mht. kommunalt samarbeid
- Sikra meirverdiavgiftssystemet sin heilskap
- Robust for utfordringar over tid
- Minst mogleg administrative kostnader
- I samsvar med kommunelovgjevinga og lokalt sjølvstyre
- I samsvar med EØS-avtalen
- I samsvar med EU sitt regelverk

Utvalet har vurdert fleire forskjellige måtar å løysa problemet med konkurransevriding. I delinnstilling som vart avlevert våren 2002, bestemte utvalet at ein skulle utgreie vidare tre forskjellige løysingar.

1. Den eine løysinga var utvida avgiftsplikt for kommunane. I dei tilfelle der kommunane sjølv er avgiftspliktige vil den ha frådrag for inngåande avgift i sitt

avgiftsoppgjær med staten. Dermed oppstår det ikkje noko konkurransevriding. Ei løysing på konkurransevridingsproblemet kunne dermed vera å utvida kommunen si avgiftsplikt.

Kommunale verksemder går meir og meir mot brukarbetaling. Det talar for at ein bør utvida avgiftsområdet. Ei anna side ved dette er at mange område i kommunane er halden utanfor avgiftsområdet og i dei tilfelle vil ein i framtida også ha konkurransevriding. Mykje av leveringa av tenester i kommunal sektor skjer internt i eigen kommune. I desse tilfella foregår det ikkje vanleg prissetting av leveransane. Ei utviding av avgiftsplikta for kommunane ville kunne føra til at ein måtte konstruera grenser mellom avdelingar/verksemder i kommunane og at ein måtte laga system for å berekna verdien av det leverte for å få eit grunnlag for å berekne avgift. Etter ei samla vurdering fant utvalet ut at denne løysinga ikkje kunne vera forslag til løysing på dagens problem.

2. Den andre løysinga som vart vurdert var å utvida kommunane sin rett til å frådragsføra inngåande avgift til også å omfatta verksemder som sjølv ikkje var avgiftspliktige. På denne måten kunne kommunen krevja frådrag for inngåande avgift også i verksemder som sjølv ikkje krev opp meirverdiavgift. Denne løysinga ville ha løyst problema med konkurransevriding. Sett frå ei anna side ville det oppstå nye konkurransevridingsproblem i forhold til verksemder i konkurranse med kommunen, for eksempel private barnehagar og sjukehus. Denne ordninga er ikkje i samsvar med EU-reglane. Ut frå ei heilskapsvurdering fant utvalet at ein ikkje ville tilrå denne.
3. Den siste løysinga som vart vurdert var ein kompensasjonsordning utanfor meirverdiavgiftsloven. Den ordninga som vart innført i 1995 og gjeld i dag, er ein ordning utanfor meirverdiavgiftsloven. Dagens ordning er avgrensa til 5 kategoriar tenester. Utvalet utgreia om ordninga skal utvidast til fleire kategoriar eller om den skal utvidast til å vera generell, dvs. at det skal gis kompensasjon for betalt meirverdiavgift for alle typar anskaffelsar. Etter ei samla vurdering fant utvalet at ein ville anbefala ei løysing utanfor meirverdiavgiftsloven.

Utvalet føreslår at det skal innførast ei ordning som er generell. Det vil seia at kommunane skal få frådrag for all inngåande meirverdiavgift dei betalar. Dagens ordning med kategoriar vert føreslått fjerna. Vidare føreslår utvalet at ordninga skal gjerast slik at det ikkje tar så lang tid frå kompensasjonen vert kravd til den vert utbetalt. Det vert føreslått at kompensasjonsperiodane skal vera 2 månader. Dette vil føre til at den avdelinga som gjer innkjøpet vil sjå bort frå meirverdiavgifta ved innkjøp. Utvalet meiner då å ha løyst konkurransevridingsproblemet. Denne ordninga vil ikkje stride mot EU sitt regelverk.

Utvalet meiner at private som løyser lovpålagte oppgåver også skal vera ein del av ordninga. Dette gjeld i hovudsak skular, barnehagar og sjukeheimar/institusjonar. Desse bør sende sine krav direkte til fylkesskattekontoret og ikkje via kommunane som i dag.

I mandatet er det presisert at løysingane bør kunne gjennomførast utan at balansen i statsbudsjettet vert endra. Utvalet meiner ordninga må finansierast på ein slik måte at kommunane sine rammer ikkje vert endra. Utvalet har difor lagt til grunn at eventuelle meirkostnad på grunn av meirverdiavgift for kommunane må gi tilsvarande budsjetttiltak ovanfor kommunane. Finansieringa vert gjennomført som eit trekk i kommunane sine frie inntekter. Det er aktivitetsomfanget i perioden før ordninga trer i kraft som bør leggjast til grunn for trekket. Det vert forutsett at trekka er uavhengig av kva den enkelte kommune kan vente å få i refusjon. Dette er viktig for at kvar kommune skal ha motiv for å kunne erstatta

eigenproduksjon med kjøp av meirverdiavgiftspliktige tenester frå private. Dersom kommunen oppfattar det slik at deira inntekter vert redusert med tilsvarande beløp som den får i kompensasjon for meirverdiavgift, vil ikkje ordninga fungera slik den var tekt.

Utvalet si utgreiing er einstemmig.

Rådmannen sine merknader:

Rådmannen ser på dette som ei positiv løysing for kommunane fordi

- Kommunane får i dag att deler av meirverdiavgift på 5 kategoriar tenester, medan dei i den nye ordninga vil få att heile meirverdiavgifta og det vil ikkje vera avgrensa til berre nokre typar tenester.
- Oppgjeret til kommunane vil koma mykje tidlegare enn i den kompensasjonsordninga me har i dag. Kompensasjonen kjem nå i mai for heile året før, medan det nå er føreslått oppgjer for 2 månader om gongen. Det vert også føreslått å fjerna den detaljerte oppgåva som skal liggja ved refusjonskravet i dag (tidkrevjande), og heller nytta ein attestasjon frå revisor på refusjonskravet.
- Ordninga gir større fridom i val av oppgåveløysing.